



Skilta som vart oppsatt på parkeringsplassane for fiskarane langs elva har delvis bukka under for tidas tann, men no har elveeigarlaget gjort ein innsats og fått opp nye, stilige skilt som sikkert held lenger enn dei gamle..

Det er laga av Kvinnherad Vekstbedrift (tidligare AFA) og er å finna på strategiske plassar i høve til fiskeplassane. Ein av dei er parkeringsplassen i nærleiken til Djupehølen, ein anerkjent fiskeplass i nedre del av elva. Attraktiviteten vert bekrefta i fangstrapporten som fortel at 4 fiskar er teke der så langt i sesongen og av dei er det 2 laksar på 4 kilo.

Elles er det førebels ikkje rapportert inn meir enn vel 30 fiskar og det er grunn til å tru at rapporteringa har vore heller treg ettersom vi har høyrte om langt fleire fangstar enn dei som står på lista. Difor er det all mogeleg grunn til å oppmoda om større fart i innmeldinga av fangst.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen